



KLUBBHÅNDBOK

Mars 2021



(Frå klubbens årlege høgdepunkt, Husnes Cup, foto: Marius Tveit Nissegard, Grensa)

**INNHOLD:**

1. IL TRIO – LITT HISTORIE:	3
2. VISJON, VERDIGRUNNLAG OG MÅL	3
2.1. Visjon: _____	3
2.2. Verdigrunnlag: _____	4
2.3. Trygge rammer _____	6
2.4. Mål _____	6
3. KLUBBENS LOVER	7
4. KLUBBENS ORGANISERING	7
5. LAGETS ORGANISERING	8
5.1. Roller rundt laget _____	8
5.1.1. Hovudtrenar _____	9
5.1.2. Hjelpetrenar _____	9
5.1.3. Lagleiar _____	9
5.2. Sesongplanlegging og kampavvikling _____	10
5.3. Seriespel _____	10
5.3.1 Heimekampen _____	11
5.3.2 Bortekampen _____	12
6. ØKONOMI – PLAN FOR ØKONOMISTYRING	13
6.1. Økonomi – i klubben _____	13
6.2. Økonomi – i laget _____	13
6.2.1 Avgifter/kontingent/eigenandelar: _____	13
6.2.2 Kostnadar på heimekampar _____	13
6.2.3 Kostnadar på bortekampar _____	13
6.2.4 Dugnad _____	14
7. INFORMASJON/KOMMUNIKASJON	14
8. REKRUTTERINGSPLAN	15
9. UTDANNING/KOMPETANSE	15
10. UTSTYR	17
11. FORSIKRING	19



1. IL TRIO – LITT HISTORIE:

Sjølv om idretten i Norge har vore organisert gjennom Norges Idrettsforbund som vart stifta i 1861, var det ikkje før i 1940-åra at det kom idrettslag på Husnes, Sunde og Valen. På eit møte i Friheim 27. januar 1946 slo dei 64 frammøtte frå dei tre laga seg saman og skipa IL Trio, med grupper for fotball, friidrett, handball og vinteridrett. Seinare har fleire andre undergrupper kome med.

Viktige milepælar i klubbutviklinga på anleggssida var då Husnes idrettspark vart opna i 1975, klubbhuset «Triohuset» sto ferdig i 1985 og Husneshallen i 1991. Hausten 2005 blei endå ein ny draum realisert, då Kvednabekkjen kunstgrasbane vart teken i bruk.

Med 30 lag og 578 medlemmer i 2020 opplever fotballgruppa i Trio auke i aktivitet og er den desidert største undergruppa i idrettslaget

2. VISJON, VERDIGRUNNLAG OG MÅL

2.1. Visjon:

IL Trio (hovudlaget): «Meistring og idrettsglede for alle»



(smil, glede og fellesskap i Trio drakt, foto: Marius Tveit Nissestad, Grenda)



2.2. Verdigrunnlag:

Hovudlaget i IL Trio:

«All idrettsleg aktivitet skal byggja på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ørlegdom»

Fotballgruppa tar dette innover seg i det daglege. Vi allokerer ein sentral plass til Fair Play i alt vi gjer og skal stimulera barna til maksimal glede med idrett, også anbefala anna aktivitet enn fotball.

Klubben har definert følgande meir konkrete **verdiar for fotballgruppa**:

	<ul style="list-style-type: none"> - Vi skal bidra til at barn og ungdom føler seg trygge i gruppa og fotballmiljøet, har det moro, utvidar sitt sosiale nettverk og utviklar seg sosialt gjennom fotballen. - All idrett og fotball er lystbetont og vi etablerer tryggleik gjennom glede og trivsel. - Vi har «Trygge Rammer» på agenda og er særlegt bevisst på Trygg Trafikk på våre mange bortekamper i bil.
	<ul style="list-style-type: none"> - Vi viser respekt og høflighet både internt i klubben og med dei vi omgås av dommarar, motstandarlag, gjester på cup, etc. - Fair Play har ein sentral posisjon i vår daglege drift av klubben. - Vi snakkar TIL kvarandre og ikkje OM kvarandre. - Vi framsnakker gode prestasjoner og bidrag. - Vi snakkar ikkje negativt om nokon. Då tar vi det opp med ansvarleg person. - Vi er gjennomtenkte med kva vi legg ut på sosiale medier.
	<ul style="list-style-type: none"> - Vi har eit einaste gjensidig krav til kvarandre i klubben – innsats, og at vi gjer så godt vi kan. - Vi har ikkje krav til prestasjon eller resultat. - Vi gjer ein innsats for kvarandre, laget og klubben. - Vi bidrar med det vi kan og forlanger mest av oss sjølv.
	<ul style="list-style-type: none"> - Vi skal bidra til at alle har det bra i klubben gjennom omtanke og at vi ser alle i kvardagen. - Vi bryr oss og tar tak i urett mot andre.



I fotballgruppa føler vi visjonen naturleg kan kombinerast med dei overordna retningslinjer frå forbund og krets: «**Flest mulig – lengst mulig – best mulig**».

FLEST	I Trio vil dette sei at vi frå starten av søker å få flest mulig til å starte med fotball, gjennom eit <u>systematisk arbeid</u> (jfr rekryteringsplan og oppstart). Vi søker å ha eigne lag for jenter og gutter frå starten av, då vi meiner dette vil sikre større deltagning frå jenter. Vi er opne for å tilretteleggja for deltagning frå fleirkulturelle og personar med funksjonshemningar.	 <p>(Trio J11 i kamp på Husnes Cup 2018, foto: Marius Nissestad, Grenda)</p>
LENGST	<p>Det må leggast til rette for at både jenter og gutter på ulike ferdighetsnivå får eit tilbod tilpassa sitt nivå så godt som mogeleg. På trening vil dette sei at innhaldet må vera slik at alle kan <u>føla på ein grad av meistring</u>. Melda på nivå i seriespel og velja cupar ut i frå eit perspektiv om å få med alle.</p> <p>Det viktigaste - og sjølve fundamentet i fotball aktiviteten i Trio - skal vera det sosiale fellesskapet og gode humøret – <u>ein skal føla trygghet og ha det GØY med fotball i Trio!</u> Trenaren si viktigaste oppgåve på feltet er å sjå alle, vera positiv og gje masse skryt!</p>	 <p>(foto: Jonn Karl Sætre, Kvinnheringen)</p> <p>Trio sitt 2001-kull var svært lite på eit tidspunkt. Fleire av desse er i dag ein del av klubbens a-lag for herrer.</p>
BEST	<p>Uansett om Trio er ein breideklubb, skal det og vera lov å bli god i Trio. Det skal stimulerast og leggast til rette for dette – utan press. Det må vera spelaren sjølv som ønsker å bli god, og klubben skal etter beste evne legge til rette – og bestemma (klubben er sjef).</p> <p>Eksempel her er hospitering/oppflytting internt og at ein bistår positivt i ein eventuelt prosess ved overgang til ein større klubb for vidare utvikling.</p>	 <p>(2002-kullet til Trio etter historisk Norway Cup finale i Oslo i 2016, foto: Vidar Alfarnes)</p>



2.3. Trygge rammer

Klubben er ein viktig aktør i lokalsamfunnet og er derfor opptatt av å bidra med sunne holdningar og verdiar også utanfor sin kjerneaktivitet. Følgande tema er sentrale i så måte;

- EatMoveSleep
- Seksuelle overgrep og trakassering
- Doping
- Alkohol
- Trafikksikkerhet
- Kampfiksing & spillavhengighet
- Mobbing & rasisme
- Skader & forsikring

Spesielt viktig for IL Trio er dette med Trafikksikkerhet, grunna vår geografiske lokasjon med mange lange reiser til bortekamper. Utover dette vel klubben eit tema årleg som får spesiell fokus.

2.4. Mål

Når ein skal setja mål for aktiviteten i Trio Fotball, er det heilt avgjerande å reflektera visjon og verdigrunnlaget i klubben, samt rammebetingelsane for aktiviteten. Vi kan til dømes ikkje ha mål om spel i 2. divisjon herrar om underliggende faktorar som t.d. økonomi aldri kan realisera eit slikt mål.

Med dei verdiane vi legg til grunn i klubben, der vi ikkje skal ha begrensa fokus på resultat og prestasjon, vil det ikkje vera forenleg med å ha overordna resultatmål i barne- og ungdomsfotballen i vår klubb (for eksempel «mål om 1. divisjon G16»). Her må vi ta innover oss at vi er ein dugnadsdreven klubb og bur på ein liten plass med begrensningar på økonomisk støtte frå lokalt næringsliv. Vidare må vi slå fast at det faktum at vi ikkje har høgskuleutdanning i Kvinnherad gjer at vi pr. 2021 mister mange talent etter vidaregåande skule. Spesifikt i forhold til økonomi, vil eit eventuelt opprykk til 3. divisjon for herrar av geografiske årsaker krevja heilt andre økonomiske musklar enn ein har i 2021.

Med bakgrunn i overnevnte, klubbens sportsplan og underliggende verdiar, har klubben vedteke følgande konkrete målsetningar i IL Trio Fotball (pr Mars-2021):



MÅL	BESKRIVELSE
1	Gjennom opparbeiding av eit godt omdømme og systematisk arbeid med rekruttering , er det eit mål for klubben å ha: <ul style="list-style-type: none"> • <i>minst eit jentelag og minst to gutelag i kvart årskull frå 6 år til 12 år.</i> • <i>minst eit lag av kvart kjønn frå 13 år.</i> • <i>juniorlag</i> • <i>seniorlag for både damer og herrar</i> • <i>minst 500 medlemmer</i>
2	Bli resertifisert som Kvalitetssklubb innan utgangen av 2021.
3	Auka kompetanse : <ul style="list-style-type: none"> • Alle lag i barnefotballen skal ha minst en trener med minimum Grasrottrenar del 1. • Alle lag i ungdomsfotballen skal ha minst en trener med minimum Grasrottrenar del 1 og del 3. • Minst 50% av styret i fotballgruppa ved utgangen av 2021 skal ha minimum FLK1.
4	Auke/Betre banekapasiteten på Husnes: <ul style="list-style-type: none"> • Nytt dekke på Kvednabekkjen i løpet av 2021. • Ny kunstgrasbane ved sida av Kvednabekkjen sommaren 2022-23.
5	Rykke opp i 4 divisjon og stabilisere oss på øvre halvdel for herrar .
6	Stabilisere eit seniorlag for damer i 2021, med mål om stabil aktivitet og rekruttering .

3. KLUBBENS LOVER

IL Trio har eigne vedtekter basert på NIF sine lover. Desse ligg på heimesida.

4. KLUBBENS ORGANISERING


Fotballgruppa i IL Trio har siste åra hatt ei svært positiv utvikling. Antal medlemmer har gått opp frå 347 i 2019 til 578 ved utgongen av 2020. Det er særleg antal jenter som har bidratt til denne sterke veksten. Årleg omsetnad har seinare tid lagt på om lag kr 2-2,5mill, med eit stabilt driftsresultat på drygt 10%.



Prosessane i fotballgruppa i IL Trio er relativt enkle;

- *Vi skal tilby- og driva fotballaktivitet for store og små.*
- *Til dette treng ein anlegg, utstyr og kompetent støtteapparat og leiing.*
- *Til både aktivitet, kompetanse, anlegg og utstyr trengs det inntekter.*

Organisasjonskart IL Trio Fotball:



Organisasjonskart med namn, rollebeskrivelsar for sentrale verv og ansvar/oppgåver for definerte utval ligg på heimesida.

5. LAGETS ORGANISERING

5.1. Roller rundt laget

Aktiviteten i fotballgruppa i IL Trio er i stor grad avhengig av foreldre for dei ulike rollene rundt lag. Kvart lag bør ha ein hovudtrenar, minst ein hjelpetrenar, samt ein lagleiar. Det er eit sterkt ønske i klubben om at trenrarar for ulike lag kursar seg ihht NFF's kurstilbod, for å utvikla klubben og samtidig møta krav til kvalitetsklubb.



Alle med ei rolle tilknytt lag i Trio der ein har ansvar for mindreårige eller personar med funksjonshemming må ha gyldig **politiattest**. Dette er eit krav frå Norges Idrettsforbund.

5.1.1. Hovudtrenar

Leiar den sportslege aktiviteten til laget. Ansvarleg for at aktiviteten er ihht klubbens nedfelte retningslinjer for gjeldande aldersnivå (jfr sportsplan). Føre frammeøtrening gjennom sesongen. Styrer laget under kampar.

Ansvarleg for å legga lagoppstilling og kamprapport inn i FIKS (lag frå 13 år).

5.1.2. Hjelpetrenar

Bistår hovudtrenar på feltet på trening og i kamp. Ein kan med fordel definera ei ressursgruppe på 2-3 personar pr lag som kan fylle denne oppgåva, der ein kan avlaste og dele på oppgåver.

5.1.3. Lagleiar

Styrer det administrative på laget. Oppgåver vil typisk vera;

- Lage fullstendig namneliste for innsending til kasserar. Denne dannar grunnlag for innkrevjing av medlemsavgift/treningsavgift for året (gjennom Min Idrett)
- Skaffe dommar til heimekampar
- Vera kampvert på heimekampar (eventuelt delegera oppgåva), sørge for at alle lag som kjem til bortekamp mot Trio føler seg velkomne og får ei positiv oppleveling av vår klub
- Planlegge det praktiske for bortekampar (kjøreliste, bestille Triobuss, reiseplan pr kamp, etc)
- Sørge for draktvask mellom kamper (rulleringsliste e.l.). Drakter skal leverast inn av spelar etter kvar kamp og vaskast samla for laget.
- Lage- og levere inn eit enkelt rekneskap for laget 2 gonger i sesongen (etter tilgjengeleg mal for dette, denne ligg i lagleiarperm på heimesida)
- Koordinere dugnadsaktivitet, gjerne loggføra dette for å sikra ei jamn fordeling/belastning.



5.2. Sesongplanlegging og kampavvikling

Klubben har samla påmelding av lag til seriespel for å ha kontroll med dette. Dette skjer på følgande vis:

- Klubben inviterer dei ulike laga til påmelding ihht fristar som gjeld i dei 2 aktuelle kretsane.
- Styret stiller på relevante møter i regi av krets før sesong.
- Om det er noko som er uklart går ein i dialog med lag dette eventuelt gjeld.
- Informasjonen frå møte med krets vert formidla i trenar-/lagledarmøter og det vert lagt ut nødvendig informasjon på Facebook gruppa for trenarar/lagleiarar.
- Klubbhåndbok har detaljert informasjon om avvikling av hhv heime- og bortekamper.
- Klubben har og samla påmelding til lokale cupar for dei minste. For øvrig påmelding til cupar skal dette søkast om, sjå punkt 6.2 i Klubbhåndboka og lagleiarperm.

5.3. Seriespel

6-10 år:

For laga i alder 6-9 år består kampane av minicupar rundt om i kommunen.

10-åringane spelar seriedagar lokalt i kommunen.

11-19 år:

Klubben melder samla på lag mellom 11-19 år til seriespel i Hordaland eller Rogaland krets.

- 11-12 år er typisk ein lokal serie i Sunnhordland (under Hordaland krets), utan tabell og poeng. Merk: spelarane må frå denne alder vera registrert i FIKS!
- Kvart lag i alderen 13-19 år må meld opp til styret kvar ein ønsker å spela kommande sesong (døme: Hordaland, 2. divisjon, 11ar fotball). Når UTKAST til terminliste kjem («preliminært» i FIKS), sjekk at ein er komen på rett plass. Bruk deretter tid på å gå gjennom kampane i forhold til oppsatt dag og klokkeslett og spel inn ønska endringar på dette til kretsen snarast mogeleg. **Kritisk viktig her er å sikre ei trygg reise til og frå kamp gjennom starttidspunkt for kampen.** Når ENDELEG terminliste er offentleggjort, er det meir tunggrodd å endra på kampar.



5.3.1 *Heimekampen*

Klubben ønsker at alle lag som kjem til oss skal føla seg velkomne og ha ei god oppleveling – uavhengig av resultat i sjølve kampen. Det er viktig for klubben vår at tilreisande lag har ønske om å komma tilbake til Trio. Ein bør gjera følgande for å oppnå dette (noko gjeld berre ungdomsklassen):

- Send melding til både bortelag og oppsatt dommar 2-3 dagar før kamp og ønsk velkommen til kamp. For lag mellom 10-12 år, bruk liste over dommarar på heimesida for å skaffe dommar.
- Bistå bortelag med anbefaling til reiserute ved behov. Husk at dei som besøker oss reiser mykje mindre enn oss på denne strekninga.
- Registrere lag i FIKS..
- Definere kampvert for kampen og avtale oppmøte
- Ver tidleg ute og lås opp garderobar og ta høfleg i mot bortelaget.
- Organiser på forhånd eit «banemannskap» som kan klargjera bane til kamp på kort tid saman med lag som trenar på banen før kamp (mål, merking). Slik kan laga trenre lengst mogeleg.
- Ta med minst 6 gode ballar inkl kampball ned til banen. Halvparten tilbys bortelaget.
- Tilby gjerne ei kanne kaffi med koppar til motsatt «benk»
- Ein frå heimelagets lagleiing må oppdatere kamprapport i MinFotball app/Fiks.
- Servere laga frukt i pausen.
- Husk dommaren! Tilby dommar frukt, kaffi og/eller evt ein smoothie.
- Takka motstander og dommar høfleg for kampen og bistå med råd til heimreise ved behov (ferjeruter, vegvalg).
- Få alt utstyr på plass i Triohuset, sjå over og rydd garderobar som har vore i bruk. Husk å låsa huset om treningane er ferdig for dagen.
- Gjera opp med dommar vedrørande betaling.
- Heimelag eller dommar (avtal) legg kamprapport inn i FIKS og registrerer kampsresultat.
- Oppdatering frå kampar på IL Trio Liveoppdatering på Facebook, gjerne også på heimekampar.
- Det er ønskjeleg med mest mulig bruk av Trio si heimeside og Facebooksider. Referat frå kampar på heimesida og link på Trio FB og lagets eigen FB-side (evntuelt referat direkte på Trio FB sida). Skap status og interesse rundt laget og klubben!



(Blide og flinke dommarar i Trio, her ved Isaac og Espen, foto: Marius T. Nissegard, Grenada)

5.3.2 Bortekampen

- Gå gjennom alle kampane i foreløpig terminliste (februar/mars) og meld opp til kretsen dei endringar i kampdag og klokkeslett som må til for å få det praktiske til å gå i hop.
- Planlegg turen minst ei veke i forkant, meld gjerne opp behov for Triobuss for ein halv sesong på dei ulike bortekampane (om ein har sjåfør). Ved privatbilar, få desse på plass minst 5 dagar før avreise.
HUSK: Trygg Trafikk! Vi bur i utkant og kjører mange kilometer pr sesong. Planlegg godt for normal og trygg kjøring!
- Legge inn lag i FIKS minst ein dag før kamp. Eit tips her kan vera å legga inn lag på første kampen med alle aktuelle spelarar for laget. Deretter kopiera dette til alle kampane på terminlista. Då har ein i alle fall troppen inne og kan gjera små manuelle korrigeringar før kampstart ved behov, om ein ikkje har fått gjort justeringar i FIKS før den aktuelle kampen.
- Avtal tydeleg tidspunkt for frammøte, eigenandel og tidspunkt for planlagt retur.
- Husk draktar og gjerne 3 ballar til bruk på oppvarming.
- Ha med skjema for eigenandel. Krev inn dette (for eksempel på ferje) og registrer kven og beløp (sjå elles «Økonomi i laget» for meir om dette).
- Etterlate eit like positivt inntrykk av Trio som klubb som vi prøver å få til på heimekampen (sjå over).



6. ØKONOMI – PLAN FOR ØKONOMISTYRING

6.1. Økonomi – i klubben

«Plan for Økonomistyring» på klubbnivå ligg tilgjengeleg på Trio si heimeside.

6.2. Økonomi – i laget

6.2.1 Avgifter/kontingent/eigenandelar:

- Medlemsavgift
- Treningsavgift (inkl forsikring)
- Eigenandel på bortekamper
- Deltakaravgift/eigenandel på evt cup deltagelse

Satsar gjeldande for inneverande sesong ligg blant anna i lagleiarperm på heimesida og blir oppdatert/fornya årleg.

Cup deltagning utanfor kommunen søkast om for kvar gong. Sjå cupinstruks og søknadsskjema i lagleiarperm på heimesida.

6.2.2 Kostnadar på heimekampar

I utgangspunktet skal det (for laget) kun vera utlegg til **dommar** på heimekamp.

6-9 år: Minicup lokalt (arrangør held dommarar).

10-12 år: Etablert skjema inkluderer kva som skal betalast. Husk å ha med skjema for dommar-utlegg og få signatur på motteke beløp om dette betalast ut kontant eller med VIPPS (for rekneskap). Skjema ligg i lagleiarperm.

13-19 år: Kretsen sett opp dommar, oppgjer etter rekning, evt bruke skjema som for 10-12 år, med gjeldande sats for dømming i denne aldersgruppa.

6.2.3 Kostnadar på bortekampar

- *Innan Kvinnherad:*
 - o Deling på køyring mellom foreldra. Lagleiar koordinerer dette.
 - o Eigenandel: Sjå oversikt på heimesida.
- *Utanfor Kvinnherad:*
 - o Køyring med Trio buss eller privatbilar. Evt hurtigbåt (Stord).
 - o Eigenandel: Sjå oversikt på heimesida.
 - o Innsamla eigenandelar beholdes av lagleiar. Disse brukes til å dekke ferje og bompeng utgifter.

Lagleiar nyttar fil for rekneskap og registrerer kostnadar fortløpende gjennom sesongen. Husk å ta vare på relevante bilag på kostnader.



6.2.4 Dugnad

Gjennom sesongen har klubben ein del faste årlege aktivitetar som er kritiske inntekter for klubben. Desse inneber noko dugnads innsats frå medlemmer og føresette. Dette er i hovudsak følgande:

- Kiosksalg i Husneshallen under **Trio Cup** (inne-cupar i februar/mars); føresette til dei Trio-laga som spelar blir bedne om å bidra i kiosk den dagen dei er i aksjon. Også behov for personar til sekretariat.
- Loddsalg; klubben har eitt lotteri per sesong, «**Fotball lotteriet**». Her må alle lag og spelalar bidra til ei viktig inntekt for klubben
- Kiosksalg (lag 13-19 år) / ballhenting (6-12 år) på **A-kampar**; 1-2 gonger pr sesong pr lag, informasjon kjem frå styret i april.
- **TINE Fotballskule** i slutten av juni, instruktørar, kjøken, m.m.
- **Husnes Cup**, typisk første helga etter skulestart i august: det største løftet for klubben gjennom sesongen, der alle lag bidrar på ulike områder for å få arrangementet i havn.
- Kiosksalg under «**romjulscupen**» 26.-27. desember (styret forespør lag om dette).

7. INFORMASJON/KOMMUNIKASJON

Klubben ser stor verdi i klar- og god informasjon og kommunikasjon.

Det fins eksempel på det motsette i fotballmiljøet andre stader i Sunnhordland 😊:



Spesielt er god kommunikasjon avgjerande for å «bygga klubb» på tvers av dei ulike laga. Dagleg deles informasjon som følger:

- **IL Trio heimeside (www.il-trio.no);**
 - o under Fotball legges relevant informasjon for trenrarar, lagleiarar, føresette, spelalarar, etc. Referat frå kampar legges inn her.
- **IL Trio hovudside på Facebook;**
 - o nyheter (også kampreferat) på heimesida kan delast her, informere om kampar og anna for allmenn interesse.



- **IL Trio Liveoppdatering på Facebook**
 - o brukast for å oppdatere underveis i kamper som Trio-lag spelar
- **IL Trio Trenarar og Lagleiarar på Facebook**
 - o brukast for deling av informasjon mellom trenarar/lagleiarar på tvers av dei ulike laga og for informasjon frå styret til denne gruppa.
- **Facebook grupper etablert pr lag;**
 - o brukast kun til info som utelukkande er for dette laget.
- Evt andre grupper på Facebook etter behov for ulike grupper.

Innkrevjing av medlemskontingent og treningsavgift skjer via «Min Idrett» og e-post adresse oppgitt pr spelar på kvart lag si navneliste (derfor er det svært viktig at kvart lag gjennom lagleiar får disse kompletta og sendt inn til økonomiansvarleg eller medlemsansvarleg i klubben i starten av sesongen).

Skulle det oppstå noko form for «konfliktsituasjon» i eit lag, ta kontakt snarast med respektive ansvarlege for henholdsvis barne- eller ungdomsfotball.

8. REKRUTTERINGSPLAN

Klubben har eigen rekrutteringsansvarleg og rekrutteringsplan med tilhøyrande årlege rekrutteringstiltak for området Husnes-Valen-Sunde. Denne planen ligg lett tilgjengelig på heimesida.

9. UTDANNING/KOMPETANSE

Eit avgjerande element i det å vidareutvikla klubben er å ha tilstrekkeleg kompetanse til ei kvar tid. Dette gjeld både trenarar og leiing (styret). Kompetanse er eit satsingsområde for NFF og det står sentralt i det å utvikla klubb, krets og forbund. Det er også eit avgjerande element for å være en «kvalitetsklubb». Klubben har eigen kompetanseansvarleg og kompetanseplan som ligg lett tilgjengeleg på heimesida.

I forhold til trenarkompetanse, så er trenarstigen som følger (utheva det som er mest aktuelt for oss):

- **Barnefotballkveld – 4t internkurs i klubbhuset**
- **Ungdomsfotballkveld – 4t internkurs i klubbhuset**
- **UEFA C-lisens del 1 – 16t kurs i regi av NFF («Grasrottrenar del 1»)**
- **UEFA C-lisens del 2 – 16t kurs i regi av NFF («Grasrottrenar del 2»)**
- **UEFA C-lisens del 3 – 16t kurs i regi av NFF («Grasrottrenar del 3»)**
- **UEFA C-lisens del 4 – 16t kurs i regi av NFF («Grasrottrenar del 4»)**
- UEFA B-lisens – kurs i regi av NFF
- UEFA A-lisens
- UEFA Pro-lisens



For leiring tilbyr NFF «**Fotball-leder kurs» 1-4.**

Krava i «Kvalitetsklubb» er som følger:

ROLLE	KRAV KVALITETSKLUBB NIVÅ 1
Medlem av styret	Fleirtallet i klubbens styre skal ha NFF's fotballederkurs 1
Trenar barnefotball (6-12 år)	<ul style="list-style-type: none">- 1 trenar pr. lag med minst Grasrottrenar del 1. (GT1)
Trenar ungdomsfotball (13-19 år)	<ul style="list-style-type: none">- 1 trenar pr. lag med minst Grasrottrenar del 1 og del 3. (GT1 + GT3)

**10. UTSTYR**

IL Trio inngjekk i 2018 ein 5-årig utstyrssavtale med Macron, som vi kan handla gjennom Sport1 Husnes.



(Trio G13 sesongen 2019 i flotte Macron drakter, foto: Trio).

Kolleksjonen til klubben kan handlast gjennom Sport1 Husnes til rabatterte prisar for Trio medlemmer. Komplett kolleksjon ligg i lagleiarperm og under «diverse informasjon» på heimesida med prisar. Det er viktig å presisera at **det er INGEN SOM MÅ kjøpa Trio kler for å kunne delta i Trio aktivitet.**

Klubben held drakter (kun overdel), keeperhanskar og medisinskrin til alle lag i barne- og ungdomsklassane. Elles ballar, kjegler og vestar til trening og kamp.

Det skjer at vi skal spela bortekamp mot lag som har raude drakter. Då har vi nokre sett med kvite bortedrakter som laga kan bruk på omgang. Desse må då vaskast, tørkast og returnerast så snart som mulig, slik at neste lag som har behov for dei kan nytta dei. Ta kontakt med materialansvarleg ved behov.

KLUBBHÅNDBOK - TRIO FOTBALL

REV.2 - MARS 2021



Utstyr for trening/kamp i «utstyrssrom» i Triohuset (kvar lag skal ha egne sett med vestar):

ALDER / SKAP	KOMMENTAR	BILDE
6-12 år	Ballbingar med 3ar og 4ar ballar. 6-9 år: 3ar ball 10-12 år: 4ar ball Felles kjegler på gulvet	
13 år og oppover	Eigne skap pr lag med ballar og evt anna utstyr ein vil oppbevara i skapet. 13-14 år: 4ar ball 15 år+: 5ar ball Felles kjegler på gulvet	
Fair Play	Kampvert vestar og foreldrevettkort til bruk i heimekampar	
Vinter- og Futsalballar	Unike ballar for sitt bruk som må returnerast umiddelbart etter bruk slik at andre kan nytta dei. Vinterballar kan vera kjekke når det er frost i lufta om vanlege ballar mistar sine eigenskapar.	
Kompressor	For fylling av luft i ballane	

Svinn av fotballar utgjer ein stor kostnad for fotballgruppa og det er avgjerande at alle er sitt ansvar bevisst og får inn igjen like mange ballar som ein tek ut.



11. FORSIKRING

Alle spelarar i Trio er forsikra gjennom «lagsforsikring». Denne betalast av klubben for alle lag og kvar spelar bidrar til dette gjennom å løysa medlems- og treningsavgift.

Det er utover dette tilgjengeleg individuell forsikring som går utover dekninga i lagsforsikringa. Dette kan gje raskare hjelp og behandling om uhellet skulle vera ute. Dette er noko kvar enkelt må ta stilling til og evt bestilla/kjøpa sjølve. Meir informasjon her:

<https://www.fotball.no/klubb-og-leder/forsikring/>

	Obligatorisk grunnforsikring	Tillegg for frivillig utvidet forsikring
Ungdomsfotball (13 -19 år)	Lagsforsikring	Individuell forsikring
Alle klasser	Gratis	1.450

Ved skade som truleg krev behandling, gjer følgande:

1. Utfør akutt skadebehandling
 1. Ring Idrettens skadetelefon (IST) på 987 02 033 for bistand
2. Skadelidte registrerer skademelding på www.idrettshelse.no
3. Forsikringsselskapet vurderer forsikringsdekning
4. Idrettens skadetelefon (IST) tar kontakt med skadelidte uavhengig om det er dekning i forsikringen
5. Idrettens skadetelefon (IST) bestiller all utredning og behandling i et kvalitetssikret behandlingsnettverk
6. Idrettens skadetelefon (IST) følger opp skadelidte til etter gjennomført behandling